

Hei alle gode kultur- og idrettsvenner.

Allereie i dag er det mange flyktningar som oppheld seg i Alver, og vi venter oss fleire i tida framover. Då er det viktig at vi raskt inkluderer dei barna som kjem som flyktningar til vår kommune.

Vi veit at lag og organisasjonar opnar dørene sine, slik at barna som kjem til oss får delta i sine nye nærmiljø med aktivitetar dei kjenner. No vil kommunen refundere kontingent og evt. mindre kostbart personleg utstyr for deira deltaking, og kunne dekke eigenbetaling i kulturskulen.

- **Ordninga er løpande**, og laget som har eit nytt medlem søker kommunen fortløpande.
- Dette gjerast enkelt med ein e-post til kultur@alver.kommune.no, med spesifisering av (1) alderen på barnet (2) kva for land barnet kjem frå (3) oppstart (4) aktiviteten (5) kontingent/medlemsavgift og (6) sannsynleg periode.
- Aktiviteten må vere eksisterande frå før, **og formålet er at barna skal bli med på lik line som alle andre og at dei møter ei open dør til aktivitet og samhald.**
- Ordninga gjeld sjølvstøtt **flyktningbarn uavhengig av kvar dei kjem frå.**
- Kontingent kan dekkast maksimalt ut sesong 2022/23
- Ordninga har ei ramme på kr 200 000.

Utstyr:

- Er du usikker på kva for utstyr vi kan dekke, ta kontakt. I hovudsak vil det gjelde mindre kostbart utstyr som til dømes fotballsko og liknande.
- De kan òg ta kontakt med BUA Frekhaug og BUA Manger som har mykje utstyr tilgjengeleg.
- Og så samlar vi inn treningstøy, joggesko, fotballsko og liknande til kommunens innsamlingsstad for tøy og utstyr til flyktningar. Her kan de få hjelp til å få tak i utstyr. **Om de har noko de kan avsjå**, så send ein e-post til alverforukraina@alver.kommune.no så tek vi imot med takk.

Har du spørsmål eller kommentarar – ta kontakt på same e-post.

Og – hjelp oss å spreie ordet! Til flyktningfamiliar, i kontaktnett, til lag og organisasjonar. Så sikrar vi at flest mogleg kan få ein fritidsarena på sin nye heimstad.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne | Tenesteleiar kultur

Telefon: 934 13 089

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00



ALVER
KOMMUNE